

Emne nr. 35. Ölbrygging.

Oppskrive av Thoralf Kvalvik, Utsira Rogaland.

Ölbrygging er noko ein ikkje veit noko om her, men sal av öl var det i gamle dagar ikkje ratt lite av.

I vårsildsesongen t.d. brukte det å koma utanbygds folk hertil og dreiv ölhandel jamsides dei fastbuande som dreiv det her til ei kvar tid.

Monge morosame - visseleg fleire uvörne historier frå denne tida med livleg ölhandel i gamle dagar, er lagd i grav og gåt i glöyme.

I dei lange haust og vinterkveldane samla folk seg mykje der det var ölhandel. Innehavar eller ein av gjestene sat då gjerne på ölkaggen som det var krane i, og medan samröda auka i styrke - som det gjerne vil der det er öl å få, lurde då ein av gjestene seg til å opna kranen slik at ölet flaumde utover. Var det ikkje innehavaren sjölv men ein av gjestene som sat på kaggen, fekk han skulda om han ikkje var skulda i det.

Visseleg er det mange soger, både morosame og omvendt, kring dette ölsalet i gamle dagar. Dette som er fortald her, er frå tida kring hundre år sidan.

Ölet handlarane selde fekk dei seg sendt frå bryggeria, og selde det so utatt i dunk og kaggevis. Om dei selde i flasker, kjenner ein ikkje til, men det er truleg dei skjenkte i krus og koppar.

Det er lite truleg at her har vore noko ölbrygging.

Ein losstasjon og med so mange losar det var her i seilskutetida, fekk folk det rikeleg med sterke saker når losen vart set ombord. Det er fortald om to mann, som ~~xx xxx~~ eingong/^{dei} hadde set losen ombord og fekk ein kagge brennevin send til seg i losbåten, vilde stikke av og ta kaggen med seg til lands.

Meininga åt dei ombord på skjuta, var at dei på losbåten skulde ta seg nokre drammar og deretter få kaggen attende, men dette vart karane i losbåten lite huga på. Dei ante då likevel ei råd, dei fyllte treskone sine dei hadde på fötne för dei lot kaggen gå attende.